

Møtebok Fjordvegen Riksveg 13 - Digitalt Styremøte 03.04.2024

Deltakarar: Marta Sofie Vange (til 12.00), Roald Aga Haug, Marthe Hammer, Kristoffer Amdal, Anita Husøy Riskedal, Ingvald Torblå, Olav Lindseth, Vara Roy Egil Stadheim

Sekretariatet: Hanne Sundbø, Trude L. Rinaldo

Korte presentasjonar frå Nye Veier v/Håkon Lohne og Statens vegvesen v/Ellen J. Haaberg.

Innhald: Kva ligg i NTP-forslaget i høve deira leveransar.

Nye Veier:

Vikafjellstunnelen er komen inn i deira portefølgje utan ekstra løyvingar. Dei har fått endra portefølgje totalt sett, men ein marginal positiv endring i ramer. Finansiering ved bompengar er løfta fram generelt.

SVV:

Det skal lagast gjennomføringsplan for rassikring, men det er ingen konkrete forslag for prioritering av raspunkt, kun om at 50 raspunkt skal eliminerast i perioden. SVV har ikkje fått gått gjennom forslaget i detalj enno.

Sakliste:

Sak 15/24 Godkjenning av referat frå styremøtet 3.3., Flesland samt innkalling og sakliste

Referat og innkalling er godkjent.

Merknad frå styreleiar om det uheldige i at dato for møtet vart bestemt utan drøfting.

Administrasjonen beklagar hendinga.

Sak 16/24 Meldingar

1. Revisjonsmelding

Revisjonsmeldinga er teke til vitande.

Denne blir utsendt til medlemmane saman med retta årsrekneskap og årsmeldinga 2023.

2. Rapportering til fylkeskommunane, krav frå Vestland for 2023

Det skal nøye rapporterast innan frist i april.

Sak 17/24 Evaluering av årskonferansen 2024

Hanne orienterte om eksterne tilbakemeldingar og erfaringar, inklusive om økonomien med eit forventa underskot på ca 35000,- kr. Faktura er ikkje gått ut enno.

Styret drøfta eigne inntrykk og erfaringar og sa seg nøgde med resultatet.

Styret vil sjå på kva samarbeidspartnar som er naturlege, dette har vore jobba med i fleire år.

Andre påverknadsorgan har fleire tunge partnarar for sine konferansar. Nasjonal rassikringsgruppe har til no ikkje hatt ønskje eller behov om konferanse og samarbeide om dette.

Godt program, god møteleiar og teknisk hjelp. Nokre i salen fekk ikkje stilt sine spørsmål. Tidleg arrangement: Bra strategisk både for engasjement og oppslutning, mindre konkurranse sjølv om KS-kollisjon var uheldig. Noko skuffande deltaking frå m.a. vegetat, fylkeskommunar og nokre kommunar.

Responser på marknadsføring inkl. tre nyheitsbrev var bra.

Administrasjon ber om hjelp til å sjå på økonomien. Deltakaravgifta er høg, men styret ønskjer at kvaliteten blir halden oppe for seinare konferansar.

Sak 18/24 Styretur i oktober: budsjett og prinsippdrøfting

Hanne la fram førebels budsjett for styretur 21.-22.10.2024

Vedtak:

- Styret aksepterer at styremedlemmer dekkjer egne utgifter før og etter turen (Tilkomst og retur før/etter start og slutt),
- Styret aksepterer ein deltakaravgift på inntil 2000,- for å dekke noko av utgifter til hotell og reise. Unntak for styremedlem vald frå private medlemmer
- Styret deltek på heile turen. Vara til styret blir og inviterte.
- Utifrå at turen er kun kvart 4. år, må Fjordvegen dekke resten utifrå plikt for medlemmane og styret sitt behov for å kjenna heile vegen
- Medlemmane må få koma på inviterte møte under turen utan kostnad.
- Turen skal ikkje setjast opp mot Årskonferansen.
- Representantar for Nye Veier og Statens vegvesen deltek på sine strekk.
- Vidare planlegging tek administrasjonen med styreleiar og ser på transportløyising etter forslag frå Roy Egil Stadheim. Administrasjonen kjem tilbake med løyising i neste styremøte

Sak 19/24 Orienteringssaker:

Mobiliseringskonferansen 9.4.24, Flesland

Hanne orienterte.

Viktig at Fjordvegen er der og får presentera noko uansett. Styret er bedt om å delta og kan då løfta rv 13 og rassikring frå salen.

Nasjonal rassikringsgruppe - strategi framover, Arendalsveka 2024

Pressemelding etter NTP-framlegging, og fleire møter med dei ulike stortingsbenkane.

Dialog med Fjordvegen. Samarbeidet rundt Arendalsuka er klart. Sekretariatet skal overførast til Vestland fylkeskommune ila hausten.

Sak 20/24 NTP-oppfølgning etter framlegginga 22.3.

Oppsummering:

Skuffande lite om rv 13 spesielt og rassikring generelt, kun verbalt og lite i tal. Styret drøfta oppfølging. Mangel på heilskap for rv 13 er utfordrande.

Rassikring har ikkje nådd fram i NTP med unntak av fylkesvegane og nokre få store prosjekt.

Det krevst god strategi, eit tydeleg budskap og mykje politisk jobbing fram til juni.

Formelt blir søknad om høyringsdeltaking til Transportkomiteen 11-12.4. sendt til frist 4.4. Det skal og sendast eit lengre innspel til komiteen innan 8.4. slik det er gitt rom for. Styret får innspelet til gjennomsyn. Innspelet må avspeglare ramene gitt av styret i desember.

Marta stiller på høyringa om me får plass.

Pressearbeid: Fjordvegen si missnøye blir tatt opp med lokalavisene, styremedlemma og administrasjon følgjer opp.

Det skal arbeidast for møte for styret med Stortingsbenkane i Oslo i mai/juni.
Anita møter Rogalandsbenken i Stavanger neste veke.
Olav følgjer opp Venstre sidan repr Skjelstad ikkje kunne koma som innleiar på årskonferansen og ikkje er på desse benkane

Sak 21/24 Fast Post: Gjennomgang av status for Rv13

Ingen tilbakemeldingar utanom dialogen om NTP

Sak 22/24 Innmeldte saker/Ymse

Neste styremøte: Forslag om veke 23 i starten av juni - fysisk møte.
Administrasjonen sender ut doodle med fleire forslag

Eventuelt kan eit møte med Stortingsbenkane fordra eit ekstra møte for det.

03.04.2024

Hanne Sundbø/Trude Rinaldo